



ele

Arkivsaknr: 2023/3247-7  
Sakshandsamar: Knut Trefall  
Avdeling: Plan, forvaltning, utvikling

## SAKSFRAMLEGG

Planstrategi for Vaksdal kommune 2024-2027, Handsaming for høyring og utlegging til offentlig ettersyn

Utvalssak	Utval	Møtedato
97/24	Formannskapet	03.09.2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i Plan- og bygningslova §10-1 vert utkast til planstrategi for Vaksdal kommune 2024-2027 lagt ut til offentlig høyring.

Handsaming i Formannskapet - 03.09.2024:

Kommunalsjef Åse Elin Myking svarte på spørsmål frå formannskapet.

*Avstemming:*

**Innstilling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i Plan- og bygningslova §10-1 vert utkast til planstrategi for Vaksdal kommune 2024-2027 lagt ut til offentlig høyring.

For forslaget stemte 7: Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP), Ole-Anders Brekkhus (AP), Boris Groth (Frp), Amalie Johnsen Lunde (H), Arve Martin Rødland (INP), Hege Eide Vik (Sp), Kjartan Haugsnes (SV)

Dermed er innstillinga vedteke.

Amalie Johnsen Lunde (H) ba om punktvis votering i tilleggforslaget til Sp, Ap og SV og fekk det innvilga.

*Avstemming:*

**Innstilling:**

FPØ viser til Budsjettvedtak for Vaksdal kommune, PS 87/23 12.12.2023 vart det gjort mellom anna slike vedtak:

**1.Ny temaplan – Rusmiddelplan**

Kommunestyret ber administrasjonen om å setja i gong arbeidet med å skipa ein ny rusmiddelplan for Vaksdal kommune i 2024, jfr. PS 104/2020

**Ny temaplan – Likestilling.**

Kommunestyret ber administrasjonen om å setja i gong arbeidet med å skipa ein likestillingsplan for Vaksdal kommune i 2024, jfr. PS 104/2020.

FPØ ber administrasjonen innarbeide Temaplan – Rusmiddelplan og temaplan – Likestilling i planstrategien før denne vert sendt på høyring.

For forslaget stemte 6: Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP), Ole-Anders Brekkhus (AP), Boris Groth (Frp), Arve Martin Rødland (INP), Hege Eide Vik (Sp), Kjartan Haugsnes (SV)  
Imot forslaget stemte 1: Amalie Johnsen Lunde (H)  
Dermed er innstillinga vedteke.

*Avstemming:*

**Innstilling:**

2. I samband med rullering av KPA vert det også utarbeidd ein beitebruksplan.

For forslaget stemte 7: Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP), Ole-Anders Brekkhus (AP), Boris Groth (Frp), Amalie Johnsen Lunde (H), Arve Martin Rødland (INP), Hege Eide Vik (Sp), Kjartan Haugsnes (SV)  
Dermed er innstillinga vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 03.09.2024:

Med heimel i Plan- og bygningslova §10-1 vert utkast til planstrategi for Vaksdal kommune 2024-2027 lagt ut til offentleg høyring.

FPØ viser til Budsjettvedtak for Vaksdal kommune, PS 87/23 12.12.2023 vart det gjort mellom anna slike vedtak:

### **1.Ny temaplan – Rusmiddelplan**

Kommunestyret ber administrasjonen om å setja i gong arbeidet med å skipa ein ny rusmiddelplan for Vaksdal kommune i 2024, jfr. PS 104/2020

### **Ny temaplan – Likestilling.**

Kommunestyret ber administrasjonen om å setja i gong arbeidet med å skipa ein likestillingsplan for Vaksdal kommune i 2024, jfr. PS 104/2020.

FPØ ber administrasjonen innarbeide Temaplan – Rusmiddelplan og temaplan – Likestilling i planstrategien før denne vert sendt på høyring.

2. I samband med rullering av KPA vert det også utarbeidd ein beitebruksplan.

## Saka gjeld (kort om saka)

Kommunal planstrategi er eit styringsdokument som tar stilling til kva planar som skal bli prioritert og gjennomført i den politiske valperioden. Dei prioriterte planane skal bidra til å møte kommunen sine utfordringar. Før planstrategien vert vedtatt skal den bli sendt på høyring for å hente innspel til planarbeidet.

Kommunedirektøren legg no fram forslag til planstrategi for perioden 2024 – 2027 for utlegging til offentleg høyring.

## Saksopplysningar

### Bakgrunn

I følgje plan- og bygningslova, §10-1 (Pbl.) skal kommunestyret vedta kommunal planstrategi i løpet av det fyrste året i kvar valperiode. Planlegging er ein sentral del av kommunen si rolle som samfunnsutviklar, og planstrategien skal gje ei betre og meir systematisk vurdering av planbehovet for å møte kommunen sine utfordringar. Planstrategien skildrar kva planar det er behov for ut frå utfordringar og mål kommunen har, og sett i lys av dei nasjonale og regionale føringane.

Planstrategien er for valperioden 2024-2027 og kan bli lest på lenka under.

### [Planstrategi for Vaksdal kommune 2024-2027 – forslag til høyring](#)

Denne planstrategien byggjer på planstrategien frå førre kommunestyreperiode. Planar som ikkje er starta opp eller vedtatt er i hovudsak vidareført i denne planstrategien.

Planstrategien set fokus på at planlegginga skal vera behovsstyrt og ikkje vert gjort meir omfattande enn nødvendig.

Planstrategien har lagt vekt på følgjande utfordringar:

- Befolkningsutvikling og samansetting
- Folkehelse og levekår
- Attraktivitet og busetting
- Klima, miljø og naturmangfald
- Samfunnstryggleik og beredskap

Utfordringane må bli sett i samanheng og ein må samarbeida for å løysa dei.

## Prosess

Oppstart av arbeid med kommunal planstrategi vart vedtatt i FPØ i møte den 23. januar 2024. Vedtak om oppstart vart kunngjort og det er kome to merknadar, vedlagt saka.

Kunnskapsgrunnlag og ei evaluering av gjeldande planstrategi har vore presentert og diskutert i formannskap- plan og økonomiutvalet, og i kommunedirektøren si leiargruppe.

Pbl. § 10-1 seier at kommunen skal innhente synspunkt frå nabokommunar, statlege og regionale organ, og forslag til kommunal planstrategi skal til offentleg høyring i minimum 30 dagar før handsaming i kommunestyret. Under høyringsperioden vil andre kommunale råd og utval bli involvert.

Vidare vert planstrategien revidert basert på innspel frå høyringa, og lagt fram for vedtak i kommunestyret.

### Formelt grunnlag

I medhald av plan- og bygningslova §10-1 vert framlegg til planstrategi for Vaksdal kommune 2024-2027 lagt ut til offentleg høyring.

### Vurdering

Etter kunngjering av arbeid med planstrategien er det mottatt to merknadar. Desse er kort referert og kommentert under.

Statsforvaltaren i Vestland (SFVL), datert 08.04.2024.

Fråsegnet er omfattande og inneheld fleire råd og tema for planlegginga i Vaksdal.

Landbruk og jordvern er eit sentralt tema i brevet, og avsendar peiker på at kommunen må ha ein plan og eit godt kunnskapsgrunnlag for å forvalte jordvernet, og strategiar og kunnskapsgrunnlag for korleis det lokale landbruket vil og kan utvikla seg og kva kommunen her kan bidra med. Brevet viser til konkrete prioriteringar knytt til kunnskap, rammer og planar for Vaksdal kommune.

Når det gjeld born og unge skriv Statsforvaltaren at det må bli tatt omsyn til oppvekstvilkåra, og at det er viktig at desse har gode tenestetilbod (barnehagar, skular, idrettsanlegg, infrastruktur, møteplassar, grønne område med meir). Born og unge må òg få moglegheit til å medverka. Det vert vidare peika på at kommunen må arbeida med aldersvenleg samfunnsplanlegging, og at dette mellom anna handlar om inkluderande og tilgjengelege nærmiljø som byr til fysisk og sosial aktivitet. Statsforvaltaren skriv òg at rekrutterings- og kompetanseplanlegging bør vera på dagsorden for å sikre ei berekraftig utvikling av helse- og omsorgstenestene.

Likestilling for personar med nedsett funksjonsevne vert tatt opp, og for temaet bustadsosial planlegging vert vist til den nasjonale strategien «*Alle trenger et nytt hjem*». Statsforvaltaren påpeiker og at Vaksdal kommune har ein høgare del born i hushaldningar med låg inntekt enn gjennomsnittet i landet, og at bruken av startlån til vanskelegstilte i kommunen er under landsgjennomsnittet, og rår til at planstrategien vurderer ein bustadsosial handlingsplan.

Når det gjeld samfunnstryggleik og beredskap peiker Statsforvaltaren på at det kan vere gje temaet meir merksemd, og viser mellom anna til planoppgåver frå gjeldande planstrategi som ikkje er starta opp.

Statsforvaltaren viser til natur- og miljøutfordringar, og kva kunnskapsgrunnlag som finst på temaa, og det vert peikt på FN sine berekraftsmål, naturavtalen og Noreg sine klimamål.

*Kommunedirektøren sin kommentar:*

*I kapittelet «vurdering og prioritering av planbehov» i framlagt planstrategi, er det tabellar over forslag til prioriterte planar som må koma på plass i perioden 2024-2027.*

*Kommunedirektøren vurderer at framlegg til planstrategi svara ut mange av synspunkta til Statsforvaltaren. Planstrategien foreslår ei rullering av kommuneplanen sin arealdel, og fleire moment frå fråsegnen er òg relevant å ta med seg til arbeid med denne.*

*Kommunedirektøren er mellom anna samd i at det er viktig å ha eit godt kunnskapsgrunnlag, og at det kan vere naudsynt å skaffe seg oppdaterte kunnskap, særskild knytt til naturmangfald og landbruk.*

*Når det gjeld samfunnstryggleik og beredskap er Kommunedirektøren samd i at dette er eit viktig tema som krev auka merksemd. Kommunedirektøren ønskjer likevel å presisera at heilskapleg ROS vart oppdatert i 2022, overordna beredskapsplan i 2022 og 2024, trafikktryggingssplan vart vedtatt i 2022, og prioriteringsliste for fysiske trafikktryggingstiltak vert oppdatert årleg, sist i 2023. Nemnte planar er òg føreslått prioritert i framlegg til planstrategi.*

*Vaksdal kommune sin nye samfunnsdel av kommuneplanen tar òg for seg fleire av temaa i Statsforvaltaren sitt fråsegn, og sørger for oppfølging av desse gjennom handlings- og økonomiplanen.*

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland v/ koordinator Gunvar Mikkelsen,  
datert 07.04.2024.

FHF understrekar viktigheita av fleire tema; innføring av arealrekneskap, å foreta planvask, ivaretaking av ålmenta sine interesser for friluftsliv og landskap, og at det vert unngått å sette av areal til vindindustri i natur- og friluftslivsområde. FHF ber om vurdering om utarbeiding av planar for friluftsliv, natur og miljø, og håpar at Vaksdal kommune vil prioritera ein kommunedelplan for naturmangfald. Avslutningsvis håpar FHF resultata og

konkurransen «Naturkampen 2023» kan inspirera kommunen til å ta vare på natur- og friluftslivsverdiane i Vaksdal.

*Kommunedirektøren sin kommentar:*

*Utkast til planstrategi prioritera oppstart av arealdelen av kommuneplanen. Planvask, ivaretaking av ålmenta sine interesser, og kunnskapsgrunnlag knytt til naturmangfald er relevante tema i planarbeidet. Vaksdal kommune vil ta i bruk Vestland fylkeskommune sitt arealrekneskap i planarbeidet, og når det gjeld tilrettelegging av vindkraft på land, har kommunestyret gjort vedtak som stoppar for dette.*

### Vurdering av forslag til planstrategi

Det var mange planoppgåver i førre planstrategi. Fleire er godkjend, men nokre er framleis i prosess eller ikkje starta. Områdeplanar for Vaksdal og Stanghelle er større planar som framleis er under arbeid, og som ein tar sikte på å leggja fram for godkjenning i fyrste del av perioden. Dale Sentrumsplan og rullering av kommuneplanen sin arealdel vil òg vera store og kapasitetskrevjande arbeid. Det er viktig å ha oppdaterte og relevante kommuneplanar. Ein arealdelprosess kan gå over fleire kommunestyreperiodar, noko som er ein av årsakene til at kommunedirektøren vurderer oppstart av eit slikt arbeid som føremålstenleg.

For å korta planleggingstida og gjere det lettare å følgje opp planane foreslår framlagt planstrategi å samla fleire tema i same temaplan, eller at det undervegs i perioden vert vurdert å utarbeida strategiar, framfor at det vert laga eigne planar.

Planoppgåvene er fordelt på fireårsperioden, og nokre planar vil ha oppstart mot slutten av perioden. Sidan det er avgrensa administrative og økonomiske ressursar til å gjennomføra større planarbeid, er det viktig å avgrensa omfanget av planarbeidet.

### Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår til at utkast til planstrategi for Vaksdal kommune 2024-2027 vert lagt ut til offentleg høyring.

### Vedlegg

- 1 Fråsegn til varsel om oppstart av arbeid med kommunal planstrategi 2024-2027, Vaksdal kommune.pdf
- 2 Vaksdal kommune varsel om oppstart av planstrategi 2024 2027 FNF Hordaland.pdf